

## **Kontaktprosedyre ved sjukdomsrelatert frávær frå vidaregåande opplæring**

### **Gjeld elevar som har fastlege i Askvoll.**

Eleven sjølv skal ringe til legesenteret og melde frå om sjukdom til legesekretær/sjukepleier som tek telefonen – tlf 57 73 46 00.

Er det medisinsk grunnlag for legetime får eleven legetime same dag. Då kan erklæring bli skriven som ein del av konsultasjonen.

Er det medisinsk grunnlag for frávær, men ikkje for legetime, vert årsaka til fráværet journalført.

Eleven vert ført opp i timeboka til fastlege, med merknad «skuleattest». Legen sjekkar notatet i løpet av dagen. Om legen finn grunn for å ta inn eleven til legetime eller få meir informasjon, vert eleven kontakta av fastlegen (medisinske årsaker, høgt frávær eller andre årsaker)

Er det ikkje medisinsk grunnlag for fráværet, er det ikkje grunnlag for legeerklæring.

Om fráværet strekker seg over fleire dagar, må eleven ringe legesenteret og informere om fráværet kvar dag fráværet gjeld, og det vert ført i journal.

Ser eleven mot slutten av semesteret at det er behov for legeerklæring for å dokumentere frávær, må eleven bestille legetime for dette hos sin fastlege. Fastlegen skriv då ei samla legeerklæring for det fráværet som tidlegare er dokumentert i eleven sin journal. Ikkje-dokumentert frávær og frávær utan medisinske årsak kan det ikkje skrivast legeerklæring for.

Kommuneoverlegen